




Avskyting og sett – hjort statistikk fra sona Veitastrond


Me har også i år laga nokre små hefte om avskytinga og sett hjort dataa frå dei ulike områda. Dette heftet er laga kun for dykkar område medan det er laga ei eiga og meir heildekkande informasjonsbrosjyre om utviklinga av hjortebestanden i Luster som nok er meir informativ. Denne brosjyra vil valdeiarane få tilsendt i posten medan dei andre finn både denne og brosjyra "Hjort i Luster kommune" på heimesidene til Luster kommune under natur, vilt og fiske.

Jaktresultat 2001–2007



Ein ser at avskytinga er rundt 30 dyr. Toppåret var 2005 med 45 felte dyr.

% vis avskyting alder og kjønn




Denne figuren syner avskytingsfordelinga, fordelt på hanndyrandel og andel kalv og ungdyr i dykkar område.

Den er laga for å illustrerer korleis de ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjorteavskyting.

Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert rekna som "ideelt". Som figuren syner har de betra dykk noko når det gjeld å auke kalv og ungdyravskytinga. Det vert likevel teke ut lite hodyr i forhold til hanndyr i sona, men årsaken til dette er vel den høge hanndyrandelen i området.

Kor mykje hjort ser de under jakta?




Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.

Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Det blir dermed litt tynt å bruke sett per time til å undersøke bestandsutviklinga i ei sone isolert, men ein vil truleg likevel kunne sjå trendane så

me gjer eit forsøk.

For Veitastrond observerte ein mykje meir dyr under jakta i år enn tidlegare. Kva som er grunnen til det veit nok de betre enn oss. Var det spesielle faktorar som gjorde at de såg meir dyr i 2007 enn tidlegare? Andre jaktlag, eller annleis jaktutøving? Eller var det rett og slett mykje meir dyr i området enn tidlegare? Kan det ha noko samanheng at det lengre sør, på begge sider av Veitastrondsvatnet, var svært lite med hjort i haust? Eg er litt freista til å tru at fleire jaktlag i 2007 avslutta jakta tidlegare, medan det åra før vart lagt ned ei formidabel jaktinnsats i ein skilte område t.d Langedalen, samstundes som ein såg lite dyr totalt. Tal jakttimar gjekk jo mykje ned i 2007 (lengre nede på sida).





Bestandssamansetninga syner at de ser mykje meir hanndyr enn hodyr. Det er dermed ikkje noko rart at dette syner att på avskytinga.

Eg går ut i frå at nedgangen i andel hodyr som er registrert på Veitastrond ikkje skuldast at det var færre koller totalt sett på Veitastrond i 2007 enn tidlegare, men at det har vore stor auke i innvandringa av eldre bukkar og spissbukk. Dermed har andelen kolle gått ned. Er det synspunkt på dette?

Kor lenge er de på jakt?

Totalt gjekk jaktinnsatsen ned på Veitastrond i 2007, mens de samstundes observerte like mange dyr som vanleg.



A	B	C	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	AA
1	Hjort 2007			Tilsagn					Fellingsresultat hann			Fellingsresultat ho			Fellingsstatistikk						
2	Sone	Valdur	Valdeitar farsvarleg	Tilsagn i alt	1,5 ár og eldre hann	Kalv	Fríe	Tildelt for ár	Vaksne handdyr	1,5 ár hann	Hannkalv	Vaksne hoddyr	1,5 ár ho	Hokalv	Totalt	Fellings%	Sum Kalv	Sum Vaksne	Handdyr i uttaket	Kalv og ungdyr i uttaket	Felt dyr per 1000 da
3	Veitastromd	101	Kjell Jarle Bruheim	17	0	6	11	2007	1	3	2	2	0	0	8	47%	2	6	75%	63%	0,454
4	Veitastromd	102	Lars Arne Nes	13	0	5	8	2007	5	1	1	1	0	1	9	69%	2	7	78%	33%	0,669
5	Kvam Storvald	104*	Torodd Kvam	10	0	0	10	2006-	1	0	0	2	0	1	4	40%	1	3	25%	25%	0,252
6	Veitastromd	106	Kjell Jarle Bruheim	13	0	5	8	2007	1	0	0	0	0	0	1	8%	0	1	100%	0%	0,073
7	Veitastromd	112	Ingolf Yttri	4	0	2	2	2007	0	0	0	0	0	1	1	25%	1	0	0%	100%	0,233
8	Veitastromd	113	Albert Yndesdal	7	0	2	5	2007	3	2	0	0	0	0	5	71%	0	5	100%	40%	0,714
9	Veitastromd	114	Magny Ugulsvik	3	0	1	2	2007	0	0	0	0	0	0	0	0%	0	0	###	###	0
10	Veitastromd	115	Einar Heggstad	4	0	2	2	2007	1	0	2	0	1	0	4	100%	2	2	75%	75%	0,943
11	Totalt Veitastromd			71	0	23	48		12	6	5	5	1	3	32	45%	8	24	72%	47%	0,402
12	Prosentfordeling				0%	38%	62%		38%	19%	16%	16%	3%	9%							

Til venstre finn de avskytinga for kvart vald i sona